



Austrheim Kommune

Att:

Sætremarka 2

5943 Austrheim

## Austrheim kommune - Uttale til varsel om oppstart av reguleringsplan for Lauvøy gnr160 bnr117

Vi viser til brev frå Abo Plan & Arkitektur AS datert 24.08.22 med varsel om oppstart av reguleringsplan for Lauvøy i Austrheim kommune.

Fiskeridirektoratet er styresmaktene sitt rådgjevande og utøvande organ innan fiskeri- og havbruksforvaltninga. I saker som får følgje for desse næringane, er det vårt ansvar å sikre deira interesser samstundes som vi skal sikre omsynet til det marine biologiske mangfaldet. Dei marine leve- og oppvekstområda, som til dømes gytefelt, er særleg viktige å ta vare på, slik at komande generasjonar også kan hauste frå havet.

### Føremål og planstatus

Føremålet med planen er å legge til rette for bygging av fire – seks nye hytter i eit etablert hyttefelt, og etablering av to nye naust ved eksisterande naust. Området er sett av til fritidsbusetnad i gjeldande arealplan, og bygging av hyttene er tråd med planen. Bygging av nausta er ikkje i tråd overordna plan, men utforminga av dei vil skje i tråd med krav i arealplanen. Abo Plan Arkitektur As skriv at dei «nye fritidsbustadene og nausta vil verta tilpassa terreng. Omgjevnader og eksisterande hytter i området, både med omsyn til plassering, storleik og utforming».

### Vår vurdering

I kartverktøyet vårt [Yggdrasil](#) finn ein fleire relevante datasett for planlegging i kystsona. I aktuelt område ved Lauvøy er det registrert eit regionalt viktig gytefelt for torsk, samt større førekomstar av kamskjel. Torsken gyt i perioden januar/februar til og med april og bunnskår og veks opp i grunne områder i nærleiken av gytefeltet i perioden mai til juni. I dette tidsrommet er yngelen ekstra utsett for ytre påkjenningar. Tiltak i og umiddelbar nærleik til sjøområde med gytefelt bør skje når livet i strandsona er mest i ro, på hausten.

Med helsing

Anne Therese Alnæs Horn  
konstituert seksjonssjef

Charlotte Skeide Norseng  
rådgiver

*Brevet er godkjent elektronisk og vert sendt utan handskriven underskrift.*

KOPPI



**Mottakarliste:**

Austrheim Kommune

Sætremarka 2

5943

Austrheim

**Kopi til:**

Abo Plan &amp; Arkitektur As

Postboks 291

5203

Os

Fiskarlaget Vest

Slottsgaten 3

5003

Bergen

Kystverket

Postboks 1502

6025

Ålesund

Vestland Fylkeskommune

Postboks 7900

5020

Bergen

KOPPI

